

Nært og fjernt

**”Eitt politi - rusta til å møte framtidens
utfordringar”...?**

Vitenskapelig essay

BACHELOROPPGÅVE (OPPG300)

Politihøgskolen

2015

Kand.nr : 686

Antall ord: 6599

Innholdsfor-teikning

FØREORD	3
EIN DEL AV FLOKKEN	3
NÆRPOLITI ELLER FJERNPOLITI?	4
DET BITTERSØTE DILEMMA	6
TRYGGLEIK OG TILLIT; SOM HAND I HANSKE?	9
EIN FOR ALLE, ALLE FOR EIN	11
DER "SKOEN TRYKKJER"	13
NÆRPOLITIREFORMA - EIT STEG I RIKTIG RETNING?	14
SKRIVEPROSESSEN	15
ETTERORD	16
LITTERATURLISTE	19
SJØLVVALD LITTERATUR	20

Føreord

Oppgåva tek utgangspunkt i egne erfaringar som student ved eit lensmannskontor gjennom mitt praksisår på politihøgskolen. Etter å ha lest politianalysen (NOU 2013:9) ”Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer” spør eg meg sjølv kva utfordringar ei ytterlegare sentralisering vil seie for politiets førebyggjande arbeid i distriktsnøreg. I politianalysen står det nemleg:

”Dagens desentraliserte tjenestestruktur er i dag et reelt hinder for politiets mulighet til å drive effektiv forebygging (...)” (NOU 2013:9, s. 20).

Dette er kjernen og problemstillinga for oppgåva. Følgjeleg valde eg å kalle essayet mitt ”Nært og fjernt: ”Eitt politi - rusta til å møte framtidens utfordringer”...?”, for å utfordre hypotesen. Fokuset i oppgåva vil hovudsakelig vera knytt til politiets førebyggjande arbeid.

Etter å ha sett på nokre av mine egne erfaringar, tar føre meg omgrepet ”nærpoliti”. Eg vil òg sjå på korleis politiet er organisert i dag og kva prinsipp og verdiar som rår. Vidare vil eg sjå på kva erfaringar våre naboar; Danmark og Sverige har hatt i møte med det same bittersøte dilemma. Deretter vil eg sjå på kva betydning tillit og tryggleik har å seie for politiets førebyggjande arbeid opp mot ein sentralisering og desentralisering. Eg vil òg sjå på betydinga av politiets samarbeid med andre aktørar og kvar politiet hentar sine kunnskapar frå som set grunnlag for politiets førebyggjande arbeid. Til slutt i oppgåva har eg lagt til ein kommentar til nærpolitireforma som blei utgitt i februar 2015. Reforma kom ut etter at essayet var ferdigskriven, og eg har difor kort kommentert hovudfunna frå reforma knytt opp mot oppgåva, samt politianalysen.

Eg har vald å bruke faglitteratur for å belyse og utfordre egne erfaringar frå mitt praksisår. Gjennom eksisterande teori, eiga erfaring og refleksjon rundt desse vil eg sjølv søkje å setje spørjemålteikn ved røynda. ”Virkeligheten henger i samtalens tynne tråd” (Johansen 1999:78, i Beck-Karlsen, 2011, s. 9). Det er det som er så flott med sjangeren essay, det å kunne utfordre røynda gjennom samtale, for å forhåpentlegvis oppnå ytterlegare innsikt.

Ein del av flokken

”Neimen! Så utrolig kjekt med ein lokal student som skal jobbe hjå oss dette året”. Det var ikkje berre det at eg var kjend i området, men eg visste korleis lokalmiljøet fungerte; kva som

var bra, og kva som ikkje var bra. Eg kjende folk og visste kven dei var. Dei visste òg kven eg var. Kan ein sei at eg var ”lokalt forankra” i lokalmiljøet?

Eg skulle ha praksisåret mitt på eit lensmannskontor, og ikkje på ein politistasjon. Eg har vakse opp i ein av Noregs minste kommunar, som høyrer til lensmannskontoret og no skulle opphalde meg ved det komande året.

Det innleiande sitatet fekk eg høyre av fleire tilsette på lensmannskontoret då eg fortalde kvar eg var i frå. Dei sa det med ein slik munterhet at det ikkje var tvil om at det var ein positiv ting – det å vere lokal. Det fekk meg til å tenkje. Kvifor var det positivt?

Eg var skeptisk til å jobbe så nærme mitt lokale miljø, men etter kvart skulle det vise seg å ikkje gjere noko som helst, snarare tvert i mot. Eg var ingen framand.

”Eg høyre på di dialekt at du er lokal, stemmer det?”. Spørjemålet fekk eg ofte høyre frå publikum på jobb som politi. Dei sa det med eit lite glimt i augo, som om eg var godkjent som ein av dei, som ein del av flokken. Eg trur ikkje det hadde gjort noko om eg ikkje hadde vore lokal, det handlar tross alt om korleis ein samhandlar med andre. Tanken slo meg likevel; kva var det med dette ”lokale” som gjorde at eg automatisk fekk enkelt tilpass hjå folk i distriktet, og som gjorde at eg lettare fekk tillit?

Året etter sat eg på Politihøgskolen og las politianalysen (NOU 2013:9). Her blir tematikken aktuell igjen, og eg måtte setje meg sjølv i tankeboksen. ”Dagens desentraliserte tjenestestruktur er i dag et reelt hinder for politiets mulighet til å drive effektiv forebygging (...)” (NOU 2013:9, s. 20). Påstanden fekk meg til å undre. Den strida tross alt i mot alt eg tidlegare hadde tenkt og erfart gjennom mitt praksisår. Me hadde vert innom alle krinklar og kroker i lensmannsdistriktet og bygd relasjonar, oppnådd tillit, fått tilgang på viktig informasjon, og førebygd? Det var vertfall det eg hadde tenkt, at dette var effektiv førebygging. I følgje politianalysen er desentraliseringa derimot eit reelt hinder for effektiv førebygging. Kva visste no eg, eg hadde berre jobba i politiet i eitt år. Dilemmaet syntes eg likevel var ein diskusjon verdig. Ei sak har tross alt alltid minst to sider.

Nærpoliti eller fjernpoliti?

Før eg dykkar djupare inn i politianalysen, er det viktig å ha kjennskap til korleis politinoreg er organisert i dag, og kva verdiar og prinsipp som rår.

Kort fortalt blei politinoreg i januar 2002 redusert frå 54 politidistrikt til 27. Ein politimeister leiar kvar sitt politidistrikt, og under kvart distrikt er delar av landet delt inn i lensmannsdistrikt (NOU 2004:6, s. 29).

Eit desentralisert politi har vore eit av grunnprinsippa for norsk politi. Lie (2011, s. 183) omtalar dette som *nærpolitimodellen*. Lie skriv vidare at ei desentralisering og ein nærleik til publikum er førande for politiets organisering, og at fleire regjeringa har tala for viktigheita av nærpolitimodellen (Lie, 2011, s. 183).

Politirolleutvalet av 1981 lista vidare opp nokre grunnprinsipp som skulle kjenneteikne politiets oppbygning og verksemd. I grunnprinsipp nr. 4 står det at politiet skal vere desentralisert og tilstade i lokalsamfunnet, som igjen vil opne for samspel mellom politi og publikum. I grunnprinsipp nr. 7 står det at politiet skal vere integrert i lokalsamfunnet, og at det mellom politi og publikum eksisterer formelle og uformelle band. Banda utgjer saman integrasjon som skaper grunnlag for samspel mellom politi og publikum (St.meld.nr.42, 2044-2005, s. 9-10).

Med utgangspunkt i dette lurar eg på kvifor det i politianalysen står at desentralisering er noko negativt for politiets førebyggjande arbeid? Utifrå det eg har presentert så langt høyrer det nesten ut som at ein desentralisering er naudsynt for eit effektivt førebyggjande politiarbeid. Samanlagt med eigne erfaringar vert dette ”nærpolitiet” meir og meir rosenraudt. Dette er likevel berre éi side av saka. Kvifor ynskjer eigentleg politikarane no å sentralisere politiet ytterligare? Før det er mogeleg å i det heile byrje å diskutere kvifor desentraliseringa er eit hinder for effektiv førebygging, må ein ha kjennskap til *kvifor* det er ynskjelig med ein ytterligare sentralisering.

Politianalysen konkluderer nemleg med at politinoreg har store utfordringar, men at desse kan løysast dersom politiet organiserer seg på ein betre måte for å verte meir einskapleg. Analysen føreslår å ytterlegare redusere talet politidistrikt, samt leggje ned og slå saman ein rekkje lensmannskontor i distrikta. I analysen vert det peika på at framtidens politi vil møte ein meir alvorleg og komplisert kriminalitet, og at det difor bør verte frigjort ressursar til å løyse politiets kjerneoppgåver. Dei noverande politidistrikta har i følgje analysen ikkje kapasitet til å takle store alvorlege saker på ein tilfredstillande måte. Ved å løyse kjerneoppgåva effektivt vert det stilt krav til blant anna spesialisering og fagkompetanse som dagens 27 politidistrikt i følgje rapporten ikkje har føresetninga for. Vidare vert det nemnt at politiets noverande lokale struktur medfører at tilsette vert knytt opp mot andre gjeremål enn politiets kjerneoppgåver, som igjen hindrar effektiv kriminalitetsnedkjemping og effektiv førebygging (NOU 2013:9, s. 9-10).

Eg ser tilbake på eiga praksis. Tillita me fekk og relasjonane me bygde kjende eg var uvurderlege for vårt vidare førebyggjande arbeid i distriktet. Berre det at dei lokale aktørane visste kven me var, gjorde at folk tilnærma oss og valde å slå av ein uformell prat. Gjennom

mange slike samtaler kunne me få mykje god informasjon om blant anna det lokale miljøet og kriminalitetsbiletet. Er ikkje dette godt førebyggjande arbeid? Saman med publikum frå alle krinkelar og krokur av lensmannsdistriktet fekk eg inntrykk av at me samarbeida for eit betre lokalmiljø.

Yndlingssitatet mitt frå heile analysen let slik: ”Tilgjengelig og tilstedevarande politi handler ikkje om tjenestesteder, men om polititjeneste-menn og –kvinner. Fremtidens politi vil være mer tilstede i lokalmiljøene med flere patruljer der og når publikum trenger dem.” (NOU 2013:9, s. 38). Det er følgjelig opp til kvar enkelt polititjenestemann og –kvinne å gjere ein god jobb som politi og etterfølgje forventningane som nettopp forventast av dei. Er det likevel så enkelt som det høyrer ut som? Er det verkeleg mogleg med ei ytterligare sentralisering *samstundes* som framtidens politi vil vere meir tilstade i lokalmiljøet, som sitatet over uttrykkjer? Høyrer det ikkje litt motstridande ut?

Om eg hoppar litt tilbake nemnte eg at det i politianalysen vart peika på at det burde verte frigjort ressursar til å gjere politiets *kjerneoppgåver*. Følgjeleg spør eg kva politiets kjerneoppgåver eigentleg er? I følgje politilova §§ 1 og 2 står det at politiets ansvar, mål og oppgåver blant anna er å førebyggje (Lov 2 aug. 1995 nr. 53 om politiet). Det er ikkje noko tvil om at politianalysen talar for og ynskjer ein effektiv førebygging, men følgjelig vert det naturleg spørje seg sjølv om ein samanslåing av lensmannskontor rundt om derimot vil hemme eit av politiets kjerneoppgåver, nemleg førebygging.

Det bittersøte dilemma

For å kome nærmare svara på spørjemåla ovanfor, kan det vere aktuelt å sjå på nokon land som har eit liknande politistyre som oss, og som har erfaringar med same bittersøte dilemma. I følgje politianalysen er sentraliseringa noko positivt og søtt, men alle medaljar har ei baksida. Ei bitter baksida.

I 2012 publiserte det kriminalitetsførebyggjande rådet i Sverige, Brå, ein rapport som tek føre seg moglegheiter og hinder med eit lokalt forankra politi i Sverige (Roos, Lundberg & Korsell, 2012). Rapporten tek føre seg korleis politimyndigheita i Stockholm i 2006 slutta at det skulle bli satt inn fleire ressursar for å førebyggje og handtere uro. Rapporten har studert dei fyrste 15 av politikontora som blei oppretta gjennom fem år.

I likskap med politianalysen, peikar rapporten på at det lokale politiet i større grad fokuserte på oppgåver som gjerne ikkje går under omgrepet ”tradisjonell politiarbeid” (Roos, Lundberg & Korsell, 2012, s. 18). I politianalysen vert tradisjonelt politiarbeid gjerne omtala

som politiets ”kjerneoppgåver”. Rapporten nemner vidare to ulike kulturar ved politiet. Den fyrste kulturen er det *lokale politiet*, som i følgje rapporten har eit breiare syn på kva som er politiarbeid. Lokalpolitiet samarbeida meir med andre lokale aktørar enn kva den andre kulturen gjorde, altså det *tradisjonelle politiet*. Samstundes arbeida det lokale politiet både proaktivt og reaktivt i motsetning til det tradisjonelle politiet, som i større grad prioriterte det reaktive politiarbeidet (Roos, Lundberg & Korsell, 2012, s. 18). Rapporten peikar òg på at proaktivt arbeid føreset oppsøkjande politiarbeid, og at politiet er tilstade sjølv om situasjonen ikkje krev inngrep. Samarbeidet med andre aktørar og publikum er òg essensielt for politiets proaktive arbeid i følgje rapporten (Roos, Lundberg & Korsell, 2012, s. 19-20).

Eg drar dermed parallellar til egne erfaringar frå mitt praksisår. Me hadde moglegheit til å arbeide proaktivt, mogelegvis fordi me hadde tillit som det lokale politi der me var. Som eg òg nemnte, var me innoan alle krinkelar og krokur i lensmannsdistriktet. Ofte var me der utan at det hadde skjedd noko som krov inngrep frå politiets side. På denne måten fekk me bygd relasjonar med publikum, og til gjengjeld fekk me gratis og viktig informasjon om lokalmiljøet og om enkeltpersonar som var viktig for vårt vidare førebyggjande arbeid.

Når eg i praksisåret mitt skulle køyre inn arrestantar til ein sentral politistasjon merka eg godt når me var i meir sentrale strøk. Det *kokte* på sambandet. Eg kunne høyre korleis patruljane hoppa hurtig frå oppdrag til oppdrag. Eg har snakka med fleire studentar som har arbeida sentralt under sine praksisår. Dei fortalte at dei arbeida primært reaktivt ved at dei løyste eit lovbrøt som var gjort, for så å reise hurtig vidare til neste lovbrøt. Det var lite proaktivt arbeid. Sjølv om erfaringane ikkje er representative for heile politinoreg, er dei likevel interessant å reflektere rundt, fordi dei i grunn samsvarar godt med rapporten frå Sverige.

Som nemnt tidlegare stod det i politianalysen: ”(...) Fremtidens politi vil være mer tilstede i lokalmiljøene med flere patruljer der og når publikum trenger dem.” (NOU 2013:9, s. 38). Det er ein sjølvfølgje at politiet skal vere til stade når publikum treng dei, men rapporten i Sverige peika derimot på at godt proaktivt arbeid er avhengig av at politiet er tilstade sjølv om det ikkje har skjedd noko som krev politiets inngrep, fordi det nettopp er då ein kan byggje relasjonar og tileigne seg lokal- og personkunnskap (Roos, Lundberg & Korsell, 2012, s. 19). Eg sakna meir av det førebyggjande perspektivet i politianalysen, som primært fokuserer på at politiet skal vere tilstade *når publikum treng dei*. Det å hoppe frå oppdrag til oppdrag samsvarer naudsynsvis ikkje med godt førebyggjande arbeid. Det står òg i sitatet frå politianalysen at politiet skal vere meir til stade i lokalmiljøet. Vil det likevel

medføre at patruljane vel å opphalde seg sentralt der dei vert stasjonert, og der det i større grad skjer hendingar som krev politiets inngrep?

Peak skriv i denne samanheng at det vil vere dårskap om politiet vert driven basert på data som til dømes responstid og mengd arrestantar. Han peikar på at politiet ikkje må vere hendingsstyrt, og ikkje må verte: ”(...) primarily seen by citizens as they raced from calls to calls in their rolling fortresses” (Peak, 2012, s. 312). Det føresett som eg nemnde over, at politiet går ut og pratar med folk, sjølv om det ikkje har skjedd noko, og sjølv om ein er i sentrale strøk. Det er kanskje då det er viktigast, for å fange opp eventuelle truslar og for å bygge relasjonar med publikum.

I Danmark er det gjort liknande forsøk som i Sverige. Politiet i Danmark gjennomførte ei rekkje forsøk med eit lokalpoliti i ein femårsperiode mellom 1997-2001 (Balvig & Holmberg, 2004). Rapporten konkluderer med at prosjektet ikkje førte til betre kontakt mellom politi og publikum. Hovudårsaken til dette var i følgje rapporten at politiet prioriterte kontakt med samarbeidspartar i staden for synleggjing ovanfor det generelle publikum. Tross at det ikkje førte til betre kontakt med publikum, fekk politiet gjennom sine samarbeidspartnarar auka kjennskap til dei lokale aktørane og potensielt kriminelle. Dette bidrog proaktivt ved å førebyggje fleire konfliktsituasjonar. Kriminaliteten var faktisk gått ned gjennom denne perioden, sjølv om publikum på sin side ikkje var særlig nøgd då dei meinte at politiet verken var tilgjengelig eller synleg (Lie, 2011, s. 190).

Dømet frå Danmark tydeliggjer moglegvis viktigheita av eit godt samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet. Det negative var at publikum ikkje var nøgd. Hadde lokalpolitiet derimot vore meir tilstade i lokalsamfunnet, kunne det ha ført til at publikum fekk bygd relasjonar og tillit til politiet? I følgje rapporten frå Sverige var føreseingane for eit godt lokalpoliti nettopp at samarbeidet òg inkluderte det generell publikum (Roos, Lundberg & Korsell, 2012, s. 19-20). Som eg nemnte tidlegare om politiets grunnprinsipp, stod det at eit lokalt forankra politi nettopp er naudsynt for eit godt samspel mellom publikum og politi (St.meld.nr.42, 2044-2005, s. 9-10). For at det skal vere mogeleg med eit fruktbart samspel mellom både politi, publikum og eventuelle samarbeidspartnarar, er det gjerne naudsynt med noko meir; nemleg tillit. Kanskje heile dilemmaet vert litt mindre bittert om ein maktar å oppretthalde tillita mellom politi og lokalsamfunn, sjølv om ein vel å sentralisera seg ytterlegare?

Tryggleik og tillit; som hand i hanske?

Lensmannskontoret eg jobba ved under mitt praksisår hadde ytterligare to politikontor lengre ute i lensmannsdistriktet. Desse var bemanna nokre dagar i veka. Det vart gjennom praksisåret mitt vurdert om desse skulle leggjast ned. Eg hadde sjølv arbeida nokre vakter på desse kontora saman med ein eldre polititenesteperson. Han kjende alle i området, og alle kjende han; han var på fornnamn med dei fleste. Han hadde svært mykje kunnskap om nærområdet, noko han hadde tileigna seg gjennom å arbeide der og bygd relasjonar og tillit med lokalbefolkninga. Eg snakka sjølv med fleire sivile som uttrykte uro for at kontora skulle leggjast ned. Dei sa blant anna: ”Kva vil skje med kriminaliteten når dykk forsvinn?”, og ”me treng *meir* synleg politi for å vere trygg, ikkje *mindre*”. Nokon uttrykte til og med uro for at tillita til politiet stod på spel om me sentralisera oss ytterligare.

Lie stiller spørjemål om eit politi som er lokalorientert avhenger av å vere desentralisert (Lie, 2011, s.185). I teorien kunne ein moglegvis oppretthaldt eit lokalt forankra politi ved store sentrale einingar, men då er det gjerne naudsynt at politiet er tilstade lokalt. Politiet har vorte meir mobile og det hadde kanskje vorte mogleg om ein hadde hatt lokale postar rundt om i distriktsnoreg, slik at politiet er tilgjengelig når publikum har behov for bistand. Som tidlegare drøfta føresett derimot godt førebyggjande arbeid at politiet er tilstade sjølv om det ikkje har skjedd noko, for å byggje relasjonar. Kva vil skje med tryggleikskjensla, tillita og kriminaliteten dersom politiet vel å vike frå ein desentralisert politimodell? Eg hadde ingen gode svar å kome med når publikum stilte meg spørjemåla ovanfor, og det var ein ubehageleg kjensle.

Tryggleik og tillit – politiets arbeid i eit multietnisk samfunn, er eit prosjekt som vart oppretta i 2008 på bakgrunn av forventna samfunnsutvikling. Evalueringa av prosjektet la vekt på viktigheita av tryggleik ved politiets nærvær samt tillit (Egge, Berg & Johansen, 2010). Om me tek føre oss spørjemålet om tryggleik og kriminalitetsførebygging sett opp mot ei eventuell sentralisering, står det i politiroleutvalet av 1981 at både subjektiv (opplevd) tryggleik og objektiv (reel) tryggleik føresett eit lokalt forankra politi som er tilgjengeleg når publikum har behov for dei (St.meld.nr. 42, 1981, s. 57). Dette samsvarer òg med politianalysen som talar for at politiet skal vere tilgjengeleg når behovet tilseier det. Eg fekk i praksisåret mitt derimot høyre av sivile at dei følte seg trygge då me var synlege, sjølv om me var der i ”fredstid” og det ikkje var skjedd noko som krov inngrep. Dei sa det var førebyggjande.

Dette var synspunkta til mange sivile eg prata med gjennom mitt praksisår. Herbert talar for at menneskjer søkjer til- og ynskjer ein lokalorientert politimodell fordi den indikerer

sosial tilhørsrel og tryggleik (Herbert i Lie, 2011, s. 223). Lie skriv i denne samanheng at publikum erfarer samfunnet i dag som meir farleg og utrygt enn det faktisk er, og difor søker til den lokalorienterte politimodellen nettopp fordi den gjer vern og tryggleik i ein elles uføreseieleg verd (Lie, 2011, s. 222-223).

Det er gjort nokre forsøk på området som talar for at eit synleg politi verken aukar tryggleikskjensla i samfunnet eller verkar kriminalitetsførebyggjande. Det mest kjende eksperimentet er *The Kansas City Preventive Patrole Experiment* (Kelling et al., 1974). Forsøket varte frå 1972-1973 og vart utført av politiet i Kansas. I forsøket vart det testa ut om auka nærvær av politi i patruljebilar førebyggja kriminalitet i ulike områder av Kansas. Det viste seg at politiets auka nærvær slett ikkje hadde noko særleg effekt på kriminaliteten, ei heller noko endring på publikums oppfatning av tryggleikskjensla.

Kan det ha seg slik at publikum ynskjer meir politi - ikkje fordi det er førebyggjande, men fordi tanken på og ideen om det får ein til å kjenne seg betre? Som Herbert nemnte, ynskjer ein gjerne tilhørsrel i ein uføreseieleg verd som ein oppfattar som meir utrygg enn den egentlig er. Om dette er tilfellet, er mogelegvis ikkje eit sentralt politi naudsynsvis eit hinder for effektiv førebygging, sidan synleg politi ikkje har noko effekt på verken førebygginga eller tryggleikskjensla?

Det er likevel viktig å merke seg at politiet i eksperimentet ikkje var ute i samspel med publikum. Køyrrer politiet forbi vindaugget mitt meir hyppig, ville eg følgjelig trudd at det var meir kriminalitet i området, og kanskje tvert i mot følt meg meir *utrygg*. Eg og mine kollega i min praksis var derimot ute og prata med publikum og skapa relasjonar. Dei skjønnte at det ikkje naudsynsvis var skjedd noko, men at me berre ynskja å ta ein uformell prat. Dette er ein viktig forskjell synest eg. Lie skriv i denne samanheng at relasjons- og tillitsbygging mellom politi og publikum avhenger av at politiet gjer noko meir enn å berre vere synleg, og at det handlar om å ta kontakt med publikum og slå av ein uformell prat. På denne måten har ein mogelegheit til å la publikum og politi verte betre kjend (Lie, 2011, s. 191-192). Om eit sentralisert politi maktar å gjere alt dette, er det kanskje mogeleg å få til ein effektiv førebygging lokalt, samstundes som ein tilfredsstillar publikums ynskje om eit synleg politi? Grunnleggjande for førebygginga lokalt er mogelegvis slik politiet i Danmark og Sverige erfarte, at politiet byggjer relasjonar og samarbeider med lokalsamfunnet. Slik får ein mogelegvis viktig informasjon frå lokalbefolkninga som er av betydning for det vidare førebyggjande arbeidet.

Eit anna viktig moment å ha med seg er tillita. Om me fysisk fjernar oss, vil det bidra til å skapa eit gap der publikum og politi vert framand for kvarandre, sakte men sikkert?

Tryggleik er på mange måtar limen mellom politiet og publikum, men kva med tillita dersom me fjernar oss? Tillit og tryggleik går som hand i hanske i denne samanhengen. Politiet avhenger av publikums tillit, slik at publikum kjenner seg trygge i sine egne heimar med det norske politi som vaker over dei. Manning skriv: "As it often said, but not heeded, the police are the public, and the public are the police" (Manning, 2010, s. 224).

Ein for alle, alle for ein

I følge Manning er politiet publikum, og publikum er politiet. Saman er me noko felles. For at noko skal vere felles, er det gjerne naudsynt med eit samarbeid i ein eller anna form.

Palmiotto talar for at politiets kriminalitetsførebyggjande arbeid og eit lokalorientert politi heng saman. Han peikar på at politiet ikkje kan førebyggje åleine, men at eit førebyggjande arbeid føresett at politiet samarbeider med den generelle befolkninga og andre institusjonar i samfunnet (Palmiotto, 2011, s.177).

Er det likevel naudsynt med eit desentralisert politi for å oppretthalde eit slikt samarbeid som er ein viktig faktor i politiets kriminalitetsførebyggjande arbeid? Om eit slikt samarbeid skal fungere i distriktsnøreg, krev det gjerne at me jobbar der "skoen trykkjer". Ingen andre instansar kan arbeide der politiet arbeidar, i samfunnets skuggedal. Om politiet ikkje er tilstade i lokalsamfunnet, vil dei ikkje då miste mykje viktig informasjon?

Politianalysen talar for eit politi som er innretta mot terror og skal vere klar samt stå i beredskap for store og alvorlege hendingar. Verda vert ikkje mindre globalisert med tida, og det er moglegvis naudsynt med eit meir robust, einskapleg og sentralisert politi for å nettopp takle slike store hendingar. Trusselnivået mot Noreg forandrar seg òg i retning mot det verre. Kan ikkje slike truslar derimot fangast opp i lokalmiljøa gjennom samarbeid med andre aktørar og med publikum generelt? Og kva med den verdifulle lokalkunnskapen?

Om politiet vel å vike frå dagens desentraliserte politimodell, er det gjerne ein gyllen moglegheit å arbeide førebyggjande i dei store områda med eit blomstrande samarbeid med publikum og andre aktørar, men kva med den lokale førebygginga? Noregs grasrot er framleis ute i distrikta, og ikkje berre i dei store byane. Likeeins er førebygginga både sentralt og lokalt heilt naudsynt og ikkje minst viktig. Spørjemålet er likevel om den lokale førebygginga vert taparen i ei stadig meir globalisert verd.

Bailey skriv at det er lokalmiljøet som er sjølve årsaka til kriminaliteten, og at det dermed er eit problem for nettopp lokalmiljøet, og ikkje for politiet åleine. Han skriv at kriminalitetsførebygging difor krev engasjement frå lokalsamfunnet, og at politiet berre

saman med lokalsamfunnet kan førebyggje kriminalitet (Bailey, 1993, s. 91). Dette heng saman med det Palmiotto peika på, nemleg at politiet må samarbeide med andre institusjonar og med publikum for å førebyggje. Balvig peikar på at politiets formelle kontroll ikkje naudsynsvis aukar tryggleikskjensla, men at den vert til ved lokalsamfunnets uformelle sosiale kontroll. Han skriv vidare i denne samanheng at publikum har eit ynskje om meir politi, altså fleire formelle aktørar, men at dette derimot kan skape ein hjelpeløyse i lokalmiljøet ved at politiet overtar mange konflikhtar som eksisterer der. Politiet som ein formell aktør bør difor ta ein leiande rolle og koordinere og stimulere til samarbeid med lokalbefolkninga (Balvig i Lie, 2011, s. 193-194).

Reiner skriv på den andre sida om ”politifetisjisme”, som omhandlar folks misoppfatning av at det vil rå kaos utan eit politi. I følgje Reiner er ikkje dette tilfelle fordi mange samfunn har klart seg fint utan eit politi. Han skriv at det derimot er naudsynd med ein form for sosial kontroll. Politiet har i denne samanheng ein viktig symbolsk verdi i samfunnet som utfører ein slik kontroll (Reiner, 2010, s. 4).

Samfunna Reiner refererer til har gjerne ein sterk uformell sosial kontroll. Tross i dette talar han for at sjølve ideen om eit politi naudsynd. Kan det tenkje seg at publikum vil klare seg fint utan eit desentralisert politi? Ut i frå det Reiner talar for, vil det moglegvis fungere med eit sentralisert politi fordi lokalbefolkninga vil ved utøving av den uformelle sosial kontrollen klare seg bra, sjølv om politiet ikkje er til stade like mykje som eit desentralisert politi ville vert. Vil ikkje politiet likevel gå glipp av mykje informasjon om dei ikkje er til stade? Det er gjerne vanskeleg å arbeide førebyggjande om ein ikkje samarbeider med publikum der dei bur, noko som føresett at politiet er og arbeider der dei ynskjer å førebygge, og samarbeider med dei lokale aktørane som er der. Dette heng òg gjerne saman med tillit. Reiner stadfesta at politiet har ein viktig symbolsk verdi, men for at politiet skal ha ein symbolsk verdi for publikum, avhenger den jo av tillit frå befolkninga.

I eine ytterkanten har me borgarvern, og i den andre ein politistat. Det gjeldt moglegvis å finne ein balanseong slik at publikum og politi arbeidar saman for eit godt og fungerande lokalsamfunn. Som tidlegare drøfta er det uheldig om politiet har ein altfor leiande rolle i samfunnet, men det er òg uheldig om politiet ikkje er tilstade i det heile. For at politiet skal kunne arbeide førebyggjande, krev det gjerne slik Bayley, Palmiotto og Balvig peika på, at publikum og andre aktørar i samfunnet *saman med* politiet spelar kvarandre gode, slik at ein nettopp kan finne ein slik balanseong. Spørjemålet vidare vert om politiet maktar å oppretthalde eit slikt viktig samarbeid om dei vel å vike frå dagens desentraliserte politimodell.

Der ”skoen trykkjer”

Lokalorientert politiarbeid set gjerne grunnlaget for gode situasjonelle- og personorienterte førebyggjande tiltak i samfunnet. Om me vert meir sentrert kan me setje i gong slike gode tiltak sentralt, men vert det ikkje vanskelegare å fange opp enkeltpersonar og situasjonar ute i distrikta? Mistar me ikkje gode lokale samarbeidspartnara som kan vere uvurderlege for vårt førebyggjande arbeid?

Gjennom mitt praksisår hadde me eit godt overblikk over lokalsamfunnet. Gjennom samarbeid basert på tillit frå befolkninga og andre samarbeidspartnarar kunne me fange opp ulike situasjonar og enkeltpersonar som ikkje var så bra, og dermed setje i gong førebyggjande tiltak. Situasjonelle tiltak kunne til dømes vere i form av å setje opp fleire promillekontrollar i områda prega av mykje promillekjøring, eller å samarbeida med vegvesenet for å skapa ein tryggast mogeleg veg å ferdast på i lensmannsdistriktet. Personorienterte tiltak kunne eksempelvis vere i form av at me fanga opp enkeltpersonar som var skeia ut, og dermed kunne me setje i gang tiltak i form av urosamtalar og oppfølgingstiltak i skule og i fritidsordningar. Informasjon om fleire av desse hendingane og enkeltpersonane fekk me gjennom eit godt samspel med publikum og andre aktørar som hadde tillit til oss og som følgjelig ynskja å gi oss informasjonen av *fri vilje*.

Brodeur deler relasjonane mellom publikum og politiet inn i ein politistyrte modell og ein publikumsstyrte modell. Den politistyrte modellen føreset at politiet er ekspertane og publikum er mottakarar av informasjon og tiltak frå politiet sin side. Gjennom den publikumsstyrte modellen derimot, samarbeider publikum og politiet, og politiet set i gong tiltak på problema ut i frå kva publikum ynskjer (Brodeur i Lie, 2011, s. 229-230). I følgje Brodeur er politiet gått frå å vere publikumsstyrte til å verte meir politistyrte, der politiet har vorte meir opptekne av analysar og kunnskapsmodellar og ser på seg sjølve som ekspertar. Dette erstattar derimot samarbeidet med publikum, og kan svekkje tillita til politiet (Brodeur i Lie, 2011, s. 230). Lie skriv i samanheng med dette at politiet arbeidar då *for* publikum snarare enn *med* publikum (Lie, 2011, s. 231). I likskap med Brodeur og Lie uttrykkjer Manning uro for ein politistyrte modell. Han peikar på at ein urbanisering av politiet kan ha ein problematisk effekt der kriminalitetsnedkjemping er basert på analyser lagd av ekspertar, og ikkje av politiet sjølv som er ute og samhandlar med publikum og som følgjelig tileignar seg lokalkunnskap som nettopp set grunnlag for desse analysane (Manning, 2010, s. 159).

Eigne erfaringar frå min praksis tydar òg på at om ein arbeidar lokalt, tileignar ein seg viktig informasjon. Om ein arbeidar sentralt, vert det ikkje vanskelig å førebyggje lokalt, sidan ein ikkje arbeidar der skoen trykkjer? Samarbeidet i lokalmiljøet under min praksistid

medførte at me kunne setje i gong fleire førebyggjande tiltak ved at me blei kjend med informasjon om hendingar og menneskjer. Det var dette publikum ynskja, og informasjonen vart me kjend med gjennom eit godt samspel med lokalsamfunnet. Ved ein sentralisering vil ein moglegvis verte meir politistyrte ute i distrikta, og som Brodeur peika på mister politiet gjerne tillit frå befolkninga og følgjelig går glipp av mykje viktig informasjon som vidare set grunnlag for gode analysar og førebyggingstiltak. Sentralt ligg føresetningane for eit godt samarbeid bra til, men lokalt mistar me kanskje tillita om me går vekk frå ein desentralisering og den publikumsstyrte politimodellen, fordi me faktisk ikkje er der og arbeidar?

Det er verdt å merke seg at ein lokalorientert politimodell kan vere med å dyrke fram ein sterk uformell sosial kontroll der politiet inngår i eit samarbeid med dei ”gode borgarane” (Lie, 2011, s. 234). I eit slikt samfunn vert dei ”dårlege borgarane” gjerne marginalisert og utelatt frå samfunnets samarbeid. Det er difor gjerne ein føresetnad for eit lokalorientert politi at det nettopp eksistera eit veletablert lokalsamfunn, noko som kan vere utfordrande mange stader. For å få til eit godt samarbeid er det moglegvis naudsynt at politiet samarbeider med alle samfunnets borgarar, både dei gode og dei dårlege, for å førebyggje effektivt.

Lie definerer vidare problemorientert politiarbeid som analyser av problemområder. Ut i frå analysane kan ein skreddarsy tiltak for å førebyggje problem (Lie, 2011, s. 302). Peak talar for at problemorientert og lokalorientert politiarbeid heng saman, og at eit godt problemorientert arbeid føresett eit desentralisert politi som har lokalkunnskap, og som samarbeider med lokalsamfunnet (Peak, 2012, s. 77). I politianalysen vert det tala for at det førebyggjande arbeidet skal baserast på kunnskap (NOU 2013:9, s. 22). Dersom politiet ikkje er tilstade i lokalmiljøet, korleis skal dei då klara å tileigna seg viktig informasjon og kunnskap som set gode grunnlag for nettopp problemorientert politiarbeid, som igjen kan føre til at politiet vil kunne setje i verk gode situasjonelle- og personorienterte førebyggingstiltak? Vil ikkje momenta ovanfor tale for at ein desentralisering tvert i mot er naudsynt for å drive effektiv førebygging? Vert den lokale førebygginga igjen taparen i ei stadig meir globaliserande verd?

Nærpolitireforma - Eit steg i riktig retning?

I etterkant av ferdigskriven bacheloroppgåve vart prop. 61 LS (2014-2014) – *Endringer i politiloven mv. (trygghet i hverdagen – nærpolitireformen)* utgitt. Den vert òg kalla *nærpolitireforma* og vart publisert 06.03.2015. Nærpolitireforma tek føre seg forslag til ny reform av politiets noverande struktur utarbeida på bakgrunn av blant anna politianalysen. På

bakgrunn av dette ville det vert unaturleg å lete nærpolitireforma førebli ukommentert i oppgåva. Eg har difor kommentert hovudfunna frå reforma opp mot tidlegare drøfting samt opp mot politianalysen.

Kort oppsummert legg politireforma i større grad vekt på viktigheita av eit ”nærpoliti” i motsetnad til politianalysen som i mindre grad har fokusert på politiets lokalorienterte arbeid. Reforma legg vekt på førebygging som ein viktig og sentral oppgåve. Eit viktig spørjemål eg tidlegare har stilt, er korleis ein skal makte å kombinere ei ytterlegare sentralisering av politiet og eit lokaltorientert politiarbeid slik at kriminalitetsførebygginga vert ivaretatt på ein god måte.

Reforma peikar på mange gode føreslag til dette. I reforma står det blant anna at politiet i større grad skal fokusere på å nå gjennom til publikum gjennom andre kanalar enn tidlegare, eksempelvis gjennom sosiale medium. Det vert òg føreslått at politiet i større grad skal fokusere mobilitet, slik at politiet vil vere meir tilstade ute i lokalmiljøet, samt at politiet faktisk skal bu der folket bur. I reforma nemnast det òg at det skal innførast ei maksimumgrense i reisetid til lensmannskontora, slik at publikum alltid skal ha eit lensmannskontor i nærleiken. I tillegg er det fokus på å betre politiets samarbeid med kommunane, noko som særleg er vesentlig for politiets kriminalitetsførebyggjande arbeid.

Det kan sjå ut som om reforma i stor grad tek omsyn til dei momenta eg gjennomgåande i oppgåva har peika på er viktig for eit førebyggjande arbeid; nemleg tillit, politiets nærvær i lokalmiljøet og samarbeid med andre lokale aktørar. Dette kan i følge reforma lete seg gjere om ein gjennomfører ei endring i politiet, der ein i tillegg til å verte einskapleg og sentrert, vil ta i bruk nye metodar som politiet tidlegare i mindre grad har satsa på. Ved å satse på nye metodar vil ein moglegvis kunne sikre seg at nemnte omsyn vert ivaretatt på ein tilfredsstillande og god måte. Vidare må me nok smørje oss med tålmod og vente med å sjå om dette vil lete seg gjere i praksis.

Skriveprosessen

Oppgåva er skriven som eit vitenskapleg essay, noko som føresett at eg ikkje berre har nytta egne subjektive tankar og refleksjonar åleine, men har òg sett desse opp mot eksisterande og relevant teori. For at eg skulle verte meir kjend med essaysjangeren las eg boka *Gode fagtekster, Essayskriving for nybegynnere* (2003), for å lette skriveprosessen.

I oppgåva har eg reflektert rundt egne erfaringar, samt knytt erfaringane opp mot eksisterande litteratur basert på teori og empiri. Eg har vald å ta utgangspunkt i NOU

Politianalysen, fordi den er særleg aktuell den dag i dag sidan det norske politi er i ein endringsfase. I politianalysen vert det nemleg peika på at dagens desentralisering er eit hinder for effektiv førebygging. Basert på dette har eg vald å utfordre denne hypotesen ved å finne litteratur med same tema basert på nyare empiri frå andre land med liknande politistyre som oss, for å få eit så likt samanlikningsgrunnlag som mogeleg.

Eg har òg brukt anna supplerande litteratur der forfattarane har vore viktige stemmer i debatten om sentralisering av politiet. Eg har reflektert rundt desse funna og samanlikna dei opp mot eigne erfaringar frå mitt praksisår ved eit lokalt lensmannskontor.

På grunnlag av nemnte teoriar har eg stilt kritiske spørjemål til politianalysens ynskje om ei ytterligare sentralisering. Det er mykje teori som har vorte utelatt og som hadde vore interessant å diskutert i oppgåva. På grunnlag av ordavgrensinga i oppgåva har eg difor måtte avgrense meg. Følgjelig har eg teke utgangspunkt i moment eg sjølv tenkjer er viktig i denne debatten basert på eiga erfaring frå mitt praksisår, slik som relasjonsbygging og tillit med publikum.

Oppgåva er basert på og samsvarar med den fenomenologiske og hermeneutiske tradisjonen der eg har nytta subjektive opplevingar gjennom sjølvopplevd erfaring, samt sett desse i lys av eksisterande og passande litteratur (Dalland, 2012).

Eg hadde allereie erfaring på området, men fekk likevel mykje ny kunnskap ved å arbeide med essayet. Eg har òg diskutert ulike sider ved tema om ein ytterlegare sentralisering av politiet, som igjen har auka mi forståing og kunnskap om politiets førebyggjande arbeid, både sentralt og lokalt. Igjen, ei sak har jo alltid minst to sider.

Etterord

I oppgåva har eg forsøkt å kaste lys over det bittersøte dilemmaets mange sider, som omhandlar ein ytterligare sentralisering av det norske politi. Eg har teke utgangspunkt i og utfordra politianalysen som talar for at eit desentralisert politi er eit hinder for effektiv førebygging.

Det store spørjemålet vidare vert om politiet maktar å vere lokalt forankra og arbeide førebyggjande både urbant og lokalt sjølv om politiet vel å vike frå dagens desentraliserte politimodell, slik politianalysen talar for. Kanskje vil det vere mogeleg om politiet maktar å ta i bruk nye metodar, slik nærpolitireforma føreslår. Vil dette medføre at politiet, tross ein ytterligare sentralisering, maktar å oppretthalde tillit frå publikum, samt halda på lokale samarbeidspartnarar i lokalsamfunna? Vil dette likevel medføre at politiet vel å vere sentralt

der det i større grad førekjem hendingar som krev inngrep frå politiets side? Med utgangspunkt i mine medstudentar sine erfaringar vil dette moglegvis føre til at patruljane hoppar hurtig frå oppdrag til oppdrag, primært reaktivt utan å ha noko uformell kontakt med publikum når det faktisk ikkje har skjedd noko som krev inngrep. Dette kan som tidlegare drøfta bidra til å svekkje politiets relasjon til lokalsamfunnet.

Om politiet fjernar seg frå lokalmiljøet, kan det føre til at ein arbeidar politistyrtd, og ikkje publikumsstyrtd, noko som kan svekkje samarbeidet med publikum, samt det førebyggjande lokalarbeidet. Som eg tidlegare har sett på, er den uformelle kontakten og relasjonsbygginga med publikum grunnleggjande for tillita publikum og politi har seg i mellom. Manning nemnte at politiet er publikum, og vice versa. Saman er me noko felles. Politiet sine grunnprinsipp peikar òg på at det mellom publikum og politiet eksisterer både uformelle og formelle band som saman skapar eit godt samspel.

Eg har sett på fleire gode grunnar til at eit desentralisert politi er naudsynt for eit effektivt førebyggjande politiarbeid. Eg har òg sett på kva våre naboar har erfart i møte med same dilemma. Desse funna, sett i lys av eigne erfaringar, tilseier at om ein arbeidar i lokalsamfunnet og samarbeider med aktørane som er der, vil ein skape relasjonar og tileigne seg lokalkunnskap, noko som er grunnleggjande for å setje i gong gode førebyggjande tiltak i lokalsamfunnet.

Det vert tala for at politinoreg treng eit meir robust, motstandsdyktig og einskapleg politi i ein stadig meir globalisert verd der truslane aukar. Det er ikkje å kome vekk i frå at dette er naudsynt i ein utviklande verd, men spørjemålet vert om me i den samanhengen er nøydt til å ofre dei uformelle banda mellom publikum og politi ute i distrikta. Det vert spanande å sjå vidare kva som vil verte realisert ut i frå nærpolitireforma, som i motsetnad til politianalysen har eit større fokus på at politiet skal vere tilstade i lokalsamfunnet.

Eg trur ”tillit” er det gylne nøkkelordet i oppgåva. Tillit er grunnleggjande for alt godt politiarbeid, og naudsynsvis òg det førebyggjande politiarbeidet. Det vil vera synd å verte vitne til at Noregs grasrot i distrikta mister sin tillit til politiet sakte men sikkert fordi politiet fjernar seg derifrå. Som eg nemnte tidleg i oppgåva: ”Tilgjengelig og tilstedeværende politi handler ikke om tjenestesteder, men om polititjeneste-menn og -kvinner (...)” (NOU 2013:9, s. 38). Det er følgjeleg opp til kvar enkelt polititjenestemann og –kvinne å bygge relasjonar og tillit, men vert det ikkje vanskeleg om politiet fjernar seg frå distriktsnoreg slik at politiet i staden for å symbolisere eit fruktbart samspel med lokalsamfunnet derimot vert noko framandt og abstrakt?

Crime will not be tackled effectively if it is regarded as solely a matter of the police. Effective action against crime requires the police and all sections of the community to work together in partnership (The Rt. Hon. Douglas Hurd, Secretary of State for Home Affairs, United Kingdom, i Bailey, 1993, s. 3).

Så sit eg her og tenkjer i mitt stille sinn, at svaret på heile problemstillinga moglegvis er like enkelt som det er vanskeleg; tillit skapar jo tross alt tillit.

Litteraturliste

- Balvig, F. & Holmberg, L. (2004) *Politi og tryghed: Forsøg med nærpoliti i Danmark 1. Udgave*. Denmark: Holbæk Amts Boktrykkeri Inbinding: Damm´s Bogbinderi, Randers
- Beck-Karlsen, J. (2003) *Gode fagtekster: Essayskriving for begynnere*. Oslo: Universitetsforlaget
- Dalland, O. (2012). *Metode- og oppgaveskriving for studenter* (5. Utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Egge, M., Berg, M., Johansen, N. B. (2010) *En god dag på jobben: Evaluering av prosjektet "trygghet og tillit"*. Oslo: Politihøgskolen. Henta 1. mai 2015 frå <http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/175074/1/En%20god%20dag.pdf>
- Kelling, G. L., Pate, P., Dieckman, D. & Brown, C. E. (1974). *The Kancas City Preventive Patrol Experiment*. Washington, DC: Police fundation. Henta 20. november 2014 frå <http://www.policefoundation.org/sites/g/files/g798246/f/Kelling%20et%20al.%20%281974%29%20%20THE%20KANSAS%20CITY%20PREVENTIVE%20PATROL%20EXPERIMENT.pdf>
- Lie, E., L. (2011) *I forkant: Kriminalitetsforebyggende politiarbeid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Manning, P. K. (2010). *Democratic policing in a changing world*. USA: Paradigm Publishers
- NOU 2004:6 (2004). *Mellom effektivitet og personvern: Politimetoder i forebyggende øyemed*. Oslo: Justis- og politidepartementet. Henta 24 november 2014 frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/nouer/2004/nou-2004-6/3.html?id=385323>
- Palmiotto, M. J. (2011). *Community Policing: A Police-Citizen Partnership*. NY: Routledge
- Peak, K. J., & Glensor, R. W. (2012) *Community Policing and Problem Solving Strategies and Practices*. New Jersey: Personal Education, Inc

Politiloven. (1995). *Lov om politiet (politiloven) av 01. Oktober 1995 nr. 16*. Oslo: Cappelen Damm AS, 2011

Prop. 61 LS (2014-2015). (2015). *Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak) Endringer i politiloven mv. (trygghet i hverdagen – nærpolitireformen)*. Oslo: Justis- og politidepartementet

Reiner, R. (2010). *The politics of the police*. Oxford: Oxford University Press

Roos, A., Lundberg, T. & Korsell, L. (2012). *Lokala poliser: Hinder och möjligheter med lokala poliskontor*. (Brå rapport 2011:13). Stockholm: Bröttsforebyggande rådet

Røksund, A., et al. (2013). *Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer: Politianalysen*. (NOU 2013:9). Henta 20. november 2014 frå <http://www.regjeringen.no/pages/38370010/PDFS/NOU201320130009000DDDPDFS.pdf>

St. meld. nr. 42 (2004-2005). (2005). *Politiets rolle og oppgaver*. Oslo: Justis- og politidepartementet

Wadman, R. C., & Bailey, S. S. E. (1993) *Community Policing and Crime Prevention in America and England*. University of Illinois Chicago: Office of International Criminal Justice

Sjølvald litteratur

Palmiotto, M. J. (2011). *Community Policing: A Police-Citizen Partnership*. NY: Routledge, Taylor & Francis Group. S. 151-244 (totalt 93 s.)

Peak, K. J., & Glensor, R. W. (2012) *Community Policing and Problem Solving Strategies and Practices*. New Jersey: Personal Education, Inc. S. 263-317 (totalt 54 s.)

Roos, A., Lundberg, T. & Korsell, L. (2012). *Lokala poliser: Hinder och möjligheter med lokala poliskontor*. (Brå rapport 2011:13). Stockholm: Bröttsforebyggande rådet. S. 9-141 (totalt 132 s.)